



ÅRSMELDING 2024

VESTLAND ARBEIDARPARTI

1. og 2.mars 2025 på Terminus Hotel i Bergen

Innhold

ÅRSMØTET 2024.....	3
KVINNENETTVERKET:.....	4
INTERNASJONALT UTVAL	5
SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID.....	5
LANDBRUKSUTVAL	7
FORSVARSPOLITISK FORUM.....	8
KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN.....	9
ÆRESMEDLEMMER:.....	11
ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS.....	12
STYREMØTER	12
REPRESENTANTSKAP	12
STORTINGSGRUPPA.....	13
ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING.....	14
SLUTTORD FRÅ LEIAR.....	15
Vedlegg 1 Fylkestingsgruppa.....	16
ÅRSBERETNING AUF 2024.....	21

ÅRSMØTET 2024

Kommunepartia har 150 delegatar til årsmøte, AUF har i tillegg ni delegatar.

Årsmøte var 16 og 17.mars 2024 på Terminus Hotel i Bergen

Gjest på årsmøte var statsråd Terje Aasland.

Styret i 2024 har vore:

Leiar	Marte Mjøs Persen, Bergen
Nestleiar	Siri Sandvik, Stad
Nestleiar	Benjamin Jakobsen, Askøy
Medlemsansvarleg	Marianne Bjørøy, Øygarden
Leiar av Kvinnenettverke	Linn Therese Erve, Sveio
Styremedlem	Helge Robert Midtbø, Sunnfjord
Styremedlem	Christian Sønstlien, Årdal
Styremedlem	Anne Kristin Førde, Bremanger
Styremedlem	Inge Degnepoll, Bergen
Styremedlem	Lisa Johnsen Lunde, Vaksdal
Styremedlem	Christian Skår, Hyllestad
1. varamedlem	Odd Atle Stegegjerdet, Luster
2. varamedlem	Amina Amin, Bergen
3. varamedlem	Gaute Epland, Stord
4. varamedlem	Michael Iversen, Kvam

REPRESENTASJON

Studieutval/medlemsutval

Marianne Bjørøy

Sentralstyret:

Marte Mjøs Persen

Landsstyret:

Benjamin Jakobsen
Vara: Inge Degnepoll
Marianne Bjørøy
Vara: Linn Therese Erve
Christian Sønstlien
Vara: Helge Robert Midtbø
Siri Sandvik
Vara: Anne Kristin Førde

Stortinget og regjering:

Marte Mjøs Persen
Torbjørn Vereide
Odd Harald Hovland
Eigil Knutsen
Linda Merkesdal
Lubna Jaffery, kulturminister

KVINNETTVERKET:

Styringsgruppa i Kvinnenettverket har vore samansett av: Linn Therese Erve (leiar), Helena Haldorsen, Marita Harkestad Oen, Kristin Maurstad, Fauzia Hussain-Wiik, Inga Margrethe Fagerbakke, Jannicke Bergesen Clarke, Silje Nilsen og Vivian Kvam.

Kvinnenettverket har hovudsakleg hatt treffpunkt på Teams også dette året for kvinnelege medlemer med ulike tema som valkamp og kommunikasjon og kraft og energi. Den 20. og 21. april 2024 hadde me fysisk Kvinnesamling i Bergen med god påmelding og deltaking. Ei inspirerende samling med mange spennande innleiarar, lokale og sentrale og gode debattar frå deltakarane. Nok ein gong blei det arrangert «Vorspiel» til fylkesårsmøtet 2024.

Opplegget med digitale temamøter viser seg å vere positivt, med flinke innleiarar og mange som tek ordet. Slike temamøter er noko kvinnenettverket bør halde fram med vidare, i tillegg til ei fysisk samling på våren.

Kvinnenettverket sendte inn sjølvstendige forslag til årsmøte i Vestland Arbeiderparti.

INTERNASJONALT UTVAL

Internasjonalt utvalg består av følgende medlemmer:

	Medlemmer	Partilag
	Benjamin Jakobsen	Askøy
	Oscar Bergheim	Kinn
	Camilla Landro	Bremanger
	Dag Arne Farestveit	Øygarden
	Kjetil Daatland	Bergen
	Ida-Elise Seppola Asplund	Bergen
	AUF	AUF

I løpet av året som har gått har internasjonalt utvalg jobbet med flere arrangementer. I vår inviterte utvalget til et digitalt temamøte med utenriksminister Espen Barth Eide. Temaet for møtet var situasjonen i Midtøsten med et særlig fokus på Israel og Palestina. I høst har utvalget arrangert valgvake i forbindelse med presidentvalget i USA. Dette arrangementet var et samarbeid med Internasjonalt utvalg i Bergen. Utvalget skulle gjerne ha gjennomført flere aktiviteter, men er godt fornøyd med at de aktivitetene man har gjennomført har vært vellykket med deltakelse på mellom 35 og 50 personer.

SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID

Det har vore god kontakt mellom partiet og fagrørsla i perioden. Samarbeidskomiteen har hatt 6 møter i perioden, og handsama vel 40 saker. Det var skifte av leiing etter årsmøte i VAP. Arbeiderpartiet overtok leiinga etter LO. Leiar av komiteen har vore Christian Sønstlien frå Vestland Arbeiderparti. Sekretær for komiteen har vore fylkessekretær Vestland Arbeidarparti, Stig Morten Frøiland.

Fylkesleiar i vestland og Regionleiar i LO Vestland tiltrer komiteen. Fylkesvaraordførar har også tiltrett komiteen i perioden.

Under følgjer ei oppstilling av nokre av sakene som har vore behandla i komiteen:

Organisatoriske saker:

- Oppfølging av tiltaksplanen skjer på kvart møte. Tiltaksplanen inneheld 25 ulike punkt som komiteen skal arbeide med i perioden.
- Fagleg politisk skulering Agenda/ap. Dette gjeld skulering i sosialdemokratisk politikk og politisk kommunikasjon.
- Studietur til England, delta i Labour kampanjen.
- Planlegging og gjennomføring av bedriftsbesøk.
- AOF og ny organisering.
- Oppfølging av møte med LO – Ap sentralt (Youngstorget).
- Programarbeidet i Arbeiderpartiet.

Arbeidspolitiske saker:

- NOU om erfaringane med EØS-samarbeid.
- Eit statsbudsjett for fagorganiserte.
- Anbud på heis tenester.
- Overprøving av legemeld sjukmelding frå bedriftene.
- Konkurransetutting i kommunane og verbalforslag i kommunestyra.
- Søndagsopne butikkar i turistkommunar.
- Kraftsituasjonen på Vestlandet.

Fagleg-politisk konferanse

Komiteen gjennomførte den årlege fagleg-politisk konferansen 31 mai og 1. juni på Park hotell, Voss. Vel 90 deltakarar vart med på konferansen. Vi hadde 14 innleiarar, lunsj til lunsj program. Nytt av året var at møtesalen blei organisert med runde bord, deltakarane fekk ikkje sitte med kjende, men blei plassert, mange blei kjend med nye, gode tilbakemeldingar på konseptet og programmet. Vi må jobbe meir med deltaking frå heile fagbevevegelsen, fleire forbund var ikkje til stades.

Temaene dag ein var ideologi og verdiar på dag to var det kompetanseheving og kunstig intelligens.

Medlemmar i samarbeidskomiteen

Marte Mjøs Persen

Torbjørn Vereide

Marianne Bjørøy

Christian Sønstlien

Frida Hegrenes Selvik

Stig Morten Frøiland

Nils Petter Støyva

Espen Berntsen

Ørjan Myrmel

Mads Wiik Kleven

Miriam Sorø Jordal/Malin Borgevik

LANDBRUKSUTVAL

Landbruksutvalet i Vestland Ap – årsmelding 2024.

Landbruksutvalet i Vestland Arbeidarparti har hatt 4 møter i perioden, og handsama 10 saker. Leiar av Landbruksutvalet har vore Nils Petter Støyva, mens Ove Farsund har vore sekretær i utvalet. Landbruksutvalet er eit utval som ligg under styret til Vestland Arbeidarparti. Dei viktigaste sakene i utvalet har vore innspel til jordbruksforhandlingane og uttale om Ap sitt partiprogram.

Innspel til jordbruksforhandlingane.

Åreleg vert det gjennomført forhandlingar mellom bondelaget/småbrukarlaget og Staten. Føremålet er m.a. å sikra bøndene ei føreseieleg inntektsutvikling på linje med andre yrkesutøvarar i Norge. I hovudsak vert det forhandla om prisuttak i markanden, stabile og føreseielege rammevilkår, samt statlege overføringar som vederlag for samfunnsgodane bøndene stiller til disposisjon for samfunnet. I tillegg har jordbruksforhandlingane dei siste åra handla om kulturlandskap, beredskap, tetting av inntektsgapet. Landbruksutvalet har i sitt innspel lagt særleg vekt på rammevilkåra og økonomien til vestlandsbonden. Utvalet har også vektlagt å følgje opp forpliktingane som ligg i Hurdals erklæringa til Regjeringa.

Innspel til Arbeidarpartiet sitt program.

I uttalen vart det lagt vekt på følgjande moment:

- halde oppe eit aktivt landbruk i heile landet
- styrke økonomien i Vestlandslandbruket. Tette inntektsgapet for landbruket innan 2027
- auke sjølvforsyningsgraden basert på norske råvarer
- Betre investeringstilskotet for å sikre at fleire satsar og legg om til lausdrift
- styrke velferdsordningane i landbruket
- sikre at produksjonen av frukt og bær framleis blir verande på Vestlandet
- påpeike at den viktigaste føresetnaden for norsk beredskap og mattryggleik er at det førgår ein produksjon av mat i landet

Det har i 2024 blitt halde eit møte med Vestland Bondelag. I dette møtet fekk vi gode innspel om viktige saker og prioriteringar frå Vestland Bondelag.

Medlemmar i Landbruksutvalet

Leif Jarle Espedal, Fjaler Ap
Nils Petter Støyva, Stryn Ap
Knut Byrkjenes Hauso, Ullensvang Ap
Ove Farsund, Sunnfjord Ap
Karoline Finnøy, Stad Ap
Leif Erik Senneset, Bremanger Ap
Sølvi Helland, Voss Ap
Amina Amin, Arbeidarparitet i Bergen

FORSVARSPOLITISK FORUM**Forsvarspolitisk forum i Vestland AP består av;**

Ulvar Akselsen, Stord, leiar

Ingvild Skaar, Øygarden

Nina Bognøy, Alver

Magnar Skorven, Sunnfjord

Inge Degnepoll, Bergen

Torgeir Næss, Kvam

Doris Christensen, Kinn

Julian Fløde, AUF

Forsvarspolitisk forum har hatt sitt første år som utval og me har hatt fokus på å finne ut korleis me ynskjer å arbeide. Me har hatt fem møter, eit oppstartsmøte og fire interne temamøter for medlemmene i forumslaget. Me har hatt fokus på å auka kompetansen og kunnskapen til dei i utvalet slik at dei kan ta det med seg tilbake til kommunelaga og fylkespartiet. Me har hatt eit mål om å skipa medlemsaktivitet for fylkespartiet og inviterer difor til ope møte om totalberedskapsmeldinga med innleiing av statsekretær Eivind Vad Petersson 4. mars klokka 20:00 på teams.

Me sendte inn følgande forslag til programkomiteen til partiet:

Arbeiderpartiet skal:

- stoppe og reversera ei omfattande fragmentering av forsvaret
- sikre eit fullverdig luftvern av kritisk militær og sivili infrastruktur
- styrke vernet for sabotasje av viktig industri og infrastruktur
- auka forsvarsbudsjett fra 2% til 3% av BNP
- sørge for å forbedre lønns- og insentivsystemet i forsvarssektoren og legge til rette for konkurransedyktige betingelser og mest mulig forutsigbarhet og fleksibilitet rundt arbeidshverdagen
- Stykre samarbeidet med EU for å motstå hybridkrigføring
- Sørge for gode bo- og arbeidsforhold i forsvaret

KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN

Pål Adrian	Ryen	Alver Arbeiderparti
Henrik	Jorem	Arbeiderpartiet i Bergen
Astri	Landøy	Askvoll Arbeidarparti
Benjamin	Jakobsen	Askøy Arbeiderparti
Tor	Skjerdal	Aurland Arbeiderparti
Sandra	Valskog	Austevoll Arbeiderparti
Hardy	Pedersen	Austrheim Arbeidarparti
Henriette Madel Mori	Lien	Bjørnafjorden Arbeidarparti
Nils-Jørgen	Sagebø	Bremanger Arbeidarparti
Thomas	Kråkevik-Liabø	Bømlo Arbeiderparti
Arild	Riber	Eidfjord Arbeidarparti
Siri	Klokkestuen	Etne Arbeiderparti
Kamilla	Karlsen	Fedje Arbeiderparti
Jarle	Helland	Fitjar Arbeiderparti
Leif Henning	Solheim	Fjaler Arbeiderparti
Bjørn	Kormeseth	Gloppen Arbeiderparti
Jørgen	Virkesdal	Gulen Arbeidarparti
Christian	Skår	Hyllestad Arbeidarparti

Kristin Sagerøy	Råsberg	Høyanger Arbeidarparti
Doris	Christensen	Kinn Arbeidarparti
Michael	Iversen	Kvam Arbeiderparti
Øyvind	Hardeland	Kvinnherad Arbeiderparti
Odd Atle	Stegegjerdet	Luster Arbeidarparti
Jon Martin	Nes	Lærdal Arbeiderparti
Ragnvald	Tangedal	Masfjorden Arbeiderparti
Geir	Olsen	Osterøy Arbeiderparti
Shirin Kvernes	Khadoor	Samnanger Arbeiderparti
Henny Kristin Asperanden	Navarset	Sogndal Arbeidarparti
Tom	Færøy	Solund Arbeidarparti
Siri	Sandvik	Stad Arbeidarparti
Gaute	Epland	Stord Arbeidarparti
Jan	Træen	Stryn Arbeidarparti
Henrik	Nordal	Sunnfjord Arbeidarparti
Linn Therese	Erve	Sveio Arbeiderparti
Ingrid Tysnes	Stue	Tysnes Arbeiderparti
Tor Helge	Tjemsland	Ullensvang Arbeidarparti
Linn	Skeie	Ulvik Arbeiderparti
Magne	Hestad	Vaksdal Arbeiderparti
Bjarne	Larsen	Vik Arbeidarparti
Karl	Knapskog	Voss Arbeiderparti
Ingvild	Skaar	Øygarden Arbeiderparti
Christian	Sønstlien	Årdal Arbeiderparti

Medlemsutvikling i 2023

	2024	2023
Alver	172	195
Arbeiderpartiet i Bergen	1184	1292
Askvoll	28	31
Askøy	121	137
Aurland	57	60
Austevoll	38	43
Austrheim	52	62
Bjørnafjorden	157	169
Bremanger	48	58
Bømlo	77	85
Eidfjord	35	36
Etne	41	45
Fedje	29	34
Fitjar	31	31

Fjaler	38	41
Gloppen	31	32
Gulen	35	39
Hyllestad	31	30
Høyanger	93	103
Kinn	134	158
Kvam	79	91
Kvinnherad	87	93
Luster	189	206
Lærdal	68	74
Masfjorden	35	45
Osterøy	68	67
Samnanger	22	24
Sogndal	139	157
Solund	15	18
Stad	98	106
Stord	180	175
Stryn	61	64
Sunnfjord	204	212
Sveio	46	51
Tysnes	25	35
Ullensvang	185	169
Ulvik	33	31
Vaksdal	60	75
Vestland direkte	1	2
Vik	96	108
Voss	97	117
Øygarden	202	204
Årdal	223	244
Total	4645	5049

ÆRESMEDLEMMER:

Vigdis Ravnøy
 Malvin Moen
 Knut Erdal
 Margot Henden
 Arne Jakobsen

ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS

Det har vore fire stillingar ved partikontoret, to fylkessekretærar, ein organisasjonssekretærar(45%) og ein kontortilsett i 2024. Fylkessekretærane Stig Morten Frøiland og Monica Oppedal er tilsett i Arbeiderpartiet.

Kontorsekretær Elisabeth Refvik, organisasjonssekretær Håkon Kyrkjebø(45%) og organisasjonssekretær Arve Helle er tilsett i Vestland Arbeidarparti, Arve Helle har vore i permisjon.

Vestland Ap har kontorlokale i Førde og i Bergen.

Dei tilsette på partikontoret deltek i eiga bedriftslegeordning gjennom Bergen Arbeidsmedisinske Senter. Det er ikkje registrert arbeidsulykker på kontoret. Sjukefråværet er lågt.

STYREMØTER

Styret har hatt elleve styremøte i 2024 .

Styret har handsama 84 saker.

Det er styremøte siste søndag i månaden på Teams, dei månadane det ikkje er fysiske styremøte.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er satt saman av 100 representantar. Vestland AUF skal ha 9 representantar etter innstilling frå AUF. Representantskapet vert fordelt på kommunepartia i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst 1 utsending til representantskapet.

Styret i Vestland Arbeidarparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Fylkestingsgruppa og stortingsrepresentantane tiltrer representantskapet. Møta er ope for medlemmer.

Vestland Arbeidarparti hadde to representantskapsmøte i 2024, det var 4. mai og 26. oktober. Det var i Bergen på Grand selskapslokaler.

På møte 4 . mai hadde Linda Merkesdal, leiar i redaksjonsnemnda innleiing om arbeidet i nemnda om samferdsle, som vart utsett til eige møte i representantskapet etter fylkesårsmøtet inn mot NTP.

På møte 26 .oktober hadde nestleiar Tonje Brenna innleiing om statsbudsjettet til politisk debatt.

Fylkestingsgruppa presenterte arbeidet med budsjettet og arbeidet i utvala

Etter orienteringane vart det opna for spørsmål og innspel.

STORTINGSGRUPPA

Me er to fylkesbenker i stortingsamanheng, men me fem som representerer Vestland har fungert saman med felles benkemøte, i utgangspunktet kvar onsdag ettermiddag, etter gruppemøte i stortingsgruppa. Fylkespartikontoret deltek digitalt på møta. Der planlegg og fordeler me så langt mogleg aktivitetar og møter. Me samordnar oss og drøftar aktuelle saker for fylket. I enkeltsaker har også andre delteke på møte, til dømes representantar frå fylkestingsgruppa.

Me deltek også aktivt på benkemøta som er i dei to fylka, det er for alle representantane frå Hordaland og Sogn og Fjordane på tvers av dei politiske partia, og det er ein gong i månaden. Der tek me i mot ulike interessegrupper, kommunar og liknande frå heimfylket. Me har også reiseaktivitet i regionane i fylket. Dei enkelte fraksjonane (partiet sine representantar i komiteane) har også noko reiseaktivitet i regionen vår. Odd Harald Hovland har fungert som benkeleiar, Linda Merkesdal overtek i hans permisjon. Me har hatt representasjon i fylgjande komiteer:

Arbeid- og sosial: Torbjørn Vereide (Marie-Helene Hollevik-Brandsdal mens Torbjørn har foreldrepermisjon)

Energi- og Miljø: Linda Merkesdal

Finans: Eigil Knutsen

Justis: Odd Harald Hovland (Benjamin Jakobsen mens OH er i permisjon for å delta på Forsvarets sjefskurs)

Transport- og Kommunikasjon: Marte Mjøs Persen (fraksjonsleiar, deltek også i stortingsgruppas styre)

Stortingsgruppa gjennomførte ordførar/gruppeleiarssamling i januar 2025 med godt oppmøte og stort engasjement.

Marte Mjøs Persen

Stortingsrepresentant AP

Transport- og kommunikasjonskomiteen

ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING

Våren og hausten 2024 har Vestland Arbeidarparti hatt leiarutviklingskulering. Skuleringa gjekk over 3 samlinger. Totalt 27 deltakere frå heile fylket ble tatt opp i programmet.

Målgruppen var leiare i kommuneparti/partilag og folk med verv i fylkespartiet og dei som har som ambisjon om å ta på seg leiarposisjonar fremover.

Skulerigsopplegget fekk gode tilbakemeldingar

Vi har hatt faste møter med kommunepartileiarane kvar siste måndag i månaden, det har òg vore møter med medlemsansvarlege i kommunepartia.

20 og 21 april hadde vi kvinnenettverksamling, det var god påmelding og gode innleiarar, med gode debattar. I tillegg arrangerer Kvinnenettverket tema-møter på Teams.

1.mai var markert i dei fleste kommunane og fleire plassar i lag med LO.

Tilhøvet og samarbeidet til fagrørsla er godt og det er svært viktig i høve til arbeidet i organisasjonen og i politiske organ.

Samarbeidet med AUF er godt og dei har representantar i ulike utval og nemnder.

Vestland Arbeidarparti hadde pr 31.12.2024 4645 medlemmer. Vi må jobbe systematisk med å få opp medlemstalet og inn ubetalte medlemmer.

Det har vore viktig for medlemsansvarleg i Vestland Arbeiderparti at vi har tett og jevnlig kontakt med de medlemsansvarlege i kommunepartia/laga. Styret i parti/lag er alle ansvarleg for medlemspleie og kontakten med enkeltmedlemmar. Herunder kontingentrining og ikkje minst ta kontakt med nye medlemmer. Vi er ein medlemsorganisasjon og vi skal ha som mål å vekse i kommunepartia. Då må vi verve og rekruttere.

Det har vore tilbod om temamøter på Teams frå partiet sentralt, der medlemmer kan delta. Her har leiinga og statsrådar delteke som innleiarar.

Gode erfaringar vert utveksla mellom kommunepartia og mellom styret i Vestland Arbeiderparti og lokalorganisasjonen med dei faste treffpunkta ein har.

SLUTTORD FRÅ LEIAR

Helsing frå leiar

Eg vil takka alle gode samarbeidspartar for det gode samarbeidet me har hatt i eit krevjande år. Fagrørsla og Bondelaget særskilt, men og alle gode krefter som har gitt innspel til politikken vår. Det har vore viktig når vi no har hatt programprosess fram mot Landsmøtet i 2025.

Eg vil og takke styret, folkevalde, kommunepartia, partilaga og medlemane for den innsatsen som vart lagt ned i 2024, trass ei krevjande tid. Styret har hatt stor fokus på skulering, og gjennomført skuleringar for kommunepartileiarar og nettverksamlingar for å bygge organisasjon.

Det nye året har starta med optimisme og medlemsvekst etter at AP no leiar ein eit-parti regjering. No ser me framover, og ruster oss for den viktige valkampen som ligg føre oss! Godt årsmøte!

Marte Mjøs Persen

Vedlegg 1 Fylkestingsgruppa



Gruppestyret

Gruppestyret har vore samansett slik:

- Stian Davies (gruppeleiar)
- Kine Dale
- Siri Sandvik

Haakon Kyrkjebø Nybø har vore tilsett som gruppesekretær i 2024.

Gruppestyret har hatt 7 møter i 2024.

Gruppemøte i fylkestingsgruppa og andre møter

Det har vore totalt 18 møter i fylkestingsgruppa i 2024. Av desse var 14 digitale og 4 fysiske. I tillegg har gruppa gjennomført to helgesamlingar til å bli betre kjend og for å skulere seg på ulike tema. Desse var i mars i Oslo og i september i Bergen.

I tillegg til gruppemøta, har medlemmane av fylkesutvalet og fraksjonsleiarane møter kvar veke. Det er og oppretta faste møtepunkt med LO, og vi har hatt fleire møter med einskilde forbund.

Gruppeleiarane i koalisjonen har møte omtrent annakvar veke, i tillegg til nokre fleire møtepunkt når det er naudsynt. I september hadde vi alle fylkestingsmedlemmane i koalisjonen ei samling på Osterøy i forkant av budsjettet, etterfølgd av ei samling i fylkestingsgruppa.

Fylkestingsgruppa har møter med partilaga når det er naudsynt, særleg ved større saker. Eit døme på ei slik sak er tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring. Meir om den under.

Vi forsøker å ha regionmøter der styremedlemmar og andre i partilaga får ta opp viktige saker som dei er opptekne av. Vi sender òg ut e-post, som til dømes julehelsinga rett før jul.

Samansetninga til fylkestingsgruppa

Fylkestingsgruppa har i 2024 hatt følgande samansetning:

	Namn	Rolle
1	Stian Jean Opedal Davies	Fylkesvaraordfører, gruppeleiar
2	Kine Bratli Dale	Fylkesutvalsmedlem, nестleiar i KULII,

		gruppenestleiar
3	Arve Helle	Hovudutvalsleiar SAMO
4	Karianne Torvanger	Fylkesutvalsmedlem, medlem i OPPKO
5	Espen Edvardsen	Medlem i OPPKO, fraksjonsleiar
6	Siri Sandvik	Nestleiar i Næring, fraksjonsleiar
7	Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem i Næring
8	Nina Haug	Medlem i OPPKO
9	Arne Jæger	Medlem i Kontrollutvalet
10	Marita Harkestad Oen	Medlem i KULII
11	Emil Tomasgard	Medlem i SAMO
12	Lillian Vangberg	Medlem i SAMO
1. vara	Pål Adrian Clausen Ryen	1. varamedlem til FT, 1. varamedlem til OPPKO og SAMO
2. vara	Marie-Helene Hollevik Brandsdal	2. varamedlem til FT, 1 varamedlem til KULII, 2. varamedlem til OPPKO
3. vara	Endre Toft	3. varamedlem til FT, 1. varamedlem til næring
4. vara	Lisa Natalie Johnsen Lunde	4. varamedlem til FT, 2. varamedlem til KULII, 2. varamedlem til næring
5. vara	Christoffer Heggholmen	5. varamedlem til FT, 3.

		varamedlem til OPPKO
--	--	----------------------

Arbeid i fylkestingsgruppa

Fylkestinget møtast fire gongar i løpet av eit år, og vi handsamar fleire store saker. Dei største sakene har vore:

- **Ny tilbodsstruktur for den vidaregåande skulen i Vestland.** For å sikre eit godt skuletilbod i framtida i heile Vestland, landa vi ein god struktursak som tryggar det vidaregåande tilbodet dei neste ti åra. Meir om dette lenger nede.
- **Elektrifisering av hurtigbåtane våre, særleg båtutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm.** Her var vi avhengig av statleg støtte som vi ikkje fekk, og resultatet vart at vi lyser ut eit kortvarig anbod i påvente av betre stønadsordningar for elektrifisering av hurtigbåtar.
- **Bybane til Åsane.** Bybanen er eit viktig lokalt, regionalt og nasjonalt prosjekt. Grunna Høgre sin snuoperasjon etter valet, som satt heile bybanen i spill, kom fylkeskommunen fram med eit tunnelkompromiss for å bygge bybanen til Åsane. Dette fekk fleirtal i Bergen og i fylkestinget.
- **Utviklingsplan for Vestland.** Planen legg opp til at vi i denne perioden skal rydde i planverket til fylkeskommunen og opprette to nye sektorovergripande planer: Regional plan for areal og transport, og regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Meir om nokre utvalde saker:

Ny tilbodsstruktur i vidaregåande opplæring

Saka om framtidens tilbod kom godt ut, mykje takka vere eit stort og konstruktivt engasjement frå lokallaga i Vestland Arbeidarparti. Vi har no ein struktur som har nærskulen som bærebjelke, men også ein struktur som er bra tilpassa til at det vil verte færre ungdommar i framtida. Søkjartala styrer tilbodet, så det kan verte endringar i strukturen om

søkjartala går ein anna veg en det som er lagt til grunn, men planen er at slike utfordringar skal kunne løysast ved dei årlege justeringane.

Det vil vere mangel på fagarbeidarar innanfor mange fag i framtida om vi ikkje gjer noko no. Vi satsar difor på yrkesfag, og i haust fekk vi eit samrøystes fylkesting med på at vi skal ha ein eigen strategi for å rekruttere helsefagarbeidarar og syte for at dei som har vald faget på vidaregåande går vidare til fagbrev.

Høgare yrkesfagleg utdanning er eit prioritert område for oss. I budsjettarbeidet har vi jobba for å sikre eit best mogeleg budsjett for Fagskulen Vestland sitt tilbod, og i saka om investeringar i skulesektoren jobbar vi for å finne ei best mogleg plassering av Fagskulen sitt tilbod i Bergen.

Kollektiv og samferdsle

Ein kan kalle Vestland eit Noreg i miniatyr. Med Bergen og storbyregionen, fleire mindre byar og lokalsamfunn langs kysten og til fjells, har Vestland ein geografi og demografi som liknar resten av Norge. Innan samferdsle har vi pressa på kollektiv i Bergen, men og utfordringane med å ha eit tenleg tilbod i distriktet. Vi opplever at kollektivtilbodet vårt er kraftig underfinansiert frå staten si side, noko som gjer det stadig meir krevjande å gje innbyggjarane våre eit fullgodt tilbod. Dette gjeld innanfor både buss, båt og bane.

Innanfor veg så har vi store utfordringar med vedlikehald av vegnettet, rassikring og trafikktryggleik. Vi har vidareført vedlikehaldspakken for fylkesveg, men det er eit minimum for å trygge vegane våre.

Oppsummert

Elles vedtok vi i desember fylkesbudsjett for 2025. Det har vore krevjande forhandlingar, med forslag om store kutt frå fylkesdirektør i sitt budsjett. Vi klarte derimot å lande eit godt budsjett til slutt. Budsjettet gir eit trygt, grønt og ansvarleg styrt fylke. Vi satsar på inkludering og fullføring i vidaregåande opplæring, sikrar trygg drift til kultur og idrett og sett av pengar til kulturbygg, sikrar eit godt rutetilbod og rimeleg pris på kollektivtilbodet, vidarefører ei ekstraordinær vedlikehaldspakke for fylkesveg, startar fleire store rassikringsprosjekt og stoppar kutta i fergedrifta.

Eg vil avslutningsvis takke alle i fylkestingsgruppa og tilsette på kontoret for vel utført arbeid, og takk for samarbeidet til stortingsbenken og regjeringsmedlemmer.

Askøy, 17.02.2025

Stian Davies,

Gruppeleiar for fylkestingsgruppa

ÅRSBERETNING AUF 2024